



VOSS KOMMUNE
Kommunalavdeling for kultur og fritid

Det Kong. Kulturdepartement

postmottak@kud.dep.no

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
13/463-22 10955/13	KUF	GU	000		18.06.2013

HØYRING AV NOU 2013:4 KULTURUTREDNINGEN 2014

Miljø- og kulturutvalet i Voss kommune sender med dette høyringsvar til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014.

Med helsing

Gunnhild Utkvitne

Gunnhild Utkvitne
kommunalsjef

Vedlegg: Høyringsvar frå Voss kommune



VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling for kultur og fritid

HØYRINGSSVAR: NOU 2013:4 - KULTURUTREDNINGEN

Voss kommune er positive til Kulturutredningen: Kulturutredningen ber preg av at kulturlivet er teke på alvor. Voss kommune set pris på at det så sterkt vert fokusert på behovet for eit lokalt kulturløft og styrking av den kulturelle grunnmuren. Kulturutredningen er velskreven og pedagogisk oppbygd og framstår som ein solid gjennomgang av både kulturpolitikken og kulturløftet 1 og 2.

Voss kommune har satt kultur på politisk og administrativ saksliste. Faste forum for dialog med kulturlivet, friviljuge lag og organisasjonar, næringsliv og idrettsliv er etablert. Likevel er me av ei slik oppfatting at ei styrking og sikring av den kulturelle grunnmuren vil gje eit lokalt kulturløft hjå oss.

Voss kommune samstemmer i utvalet sitt fokus på rettferdigheit og mangfald. Me er og av ei slik oppfatting at dei nasjonale måla for kulturpolitikken i tillegg må ha fokus på kultur som mål i seg sjølv, ikkje berre som verkemiddel for å nå andre politikkområde. I dette ligg eit sterkare fokus på livskvalitet og eigenverdi der rammevilkåra har kvaliteter som sikrar alle høve til meningsfull eigenaktivitet og gode opplevingar i tråd med dei intensjonane kulturlova tuftast på. Når kulturlivet fungerer i seg sjølv vil det også vera eit godt verkemiddel for betring av folkehelsa, for styrking av kulturnæringane, for stadsutvikling med meir.

Den kulturelle grunnmuren lyt styrkast og sikrast. Dette vil krevja ei helheitleg tilnærming og eit breidt fokus der både offentlige, friviljuge og private ressursar vert teke med i kartlegging, planlegging og utvikling.

Bibliotek, kulturskule, fritidsklubbar og den friviljuge kulturaktiviteten i kommunen har i liten grad fått del i midla frå kulturløftet 1 og 2. Voss kommune meiner at det lyt setjast av eigne midlar til realisering av eit lokalt kulturløft og initiera stimuleringsiltak som styrkjar den kulturelle grunnmuren.

Det er gledeleg at utvalet meiner at biblioteka no må styrkjast både økonomisk og når det gjeld kompetanse. Det vert sagt at dette føreset betydeleg meir pengar, også frå statleg hald. Voss kommune vil streka under at dette er avgjerande også for vår kommune, om me skal kunna utvikla biblioteka i tråd med lovforslaget som no ligg føre. Me støttar også innspelet frå utvalet som meiner at ambisjonsnivået er for lågt når det gjeld felles digitale løysingar og e-bokutlån. Utvikling av tekniske løysingar på dette feltet må vera ei nasjonal oppgåve.

Voss bibliotek vil også visa til at det no er berre to bokbussar att i Hordaland, den eine er på Voss. Støtteordninga for investering i nye bokbussar vart teken vekk på byrjinga av 2000-tallet. Sjølv om kommunane meiner det er eit viktig tilbod, er det nesten umogleg å få erstatta utslitte, gamle bussar med nye, innanfor kommunale budsjettammer. Me støttar difor innspelet som har kome frå Hordaland fylkesbibliotek om at det vert etablert ei nasjonal støtteordning til investering i bokbussar.



VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling for kultur og fritid

Engerutvalet foreslår at det vert etablert ei dirigentlønnsordning som skal byggjast ut til ei instruktørordning. Voss kommune meiner at ei slik ordning kan byggjast ut som instruktørordning heilt frå starten av. For kulturskulane vil innføring av ei helheitleg ordning heilt frå starten kunna åpne mogelegheiter for både større og flere stillingar. Gjennom ei slik overordna satsing kan kanskje kulturskulane bli det kulturpedagogiske kompetansesenteret som det har vort snakka om i mange år.

Bærekraftig kunstnarpolitikk står som eige punkt i utredningen. Dette vil også vera relevant for eit lokalt kulturløft. Eit lokalt kulturløft forutset fokus på både offentlege, friviljuge og private aktører. Kunstnarar er i dag kobla til alle disse tre sektorane. Ein tilsett ved kulturskolen har gjerne engasjement for det friviljuge kulturlivet og er gjerne sjølvstendig næringsdrivende. Den offentlige delen av dette kan vera avgjerende for at kunstnarar buset seg i en kommune, og gjennom det verta ein ressurs for det lokale og regionale kulturlivet.

Voss kommune ynskjer og at samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg forvaltningsnivå vert styrka og samordna. Voss kommune støttar også utvalet sitt forslag om å flytta kulturskulene, friviljuge barne- og ungdomsorganisasjonar og fritidsklubbane til Kulturdepartementet.

Voss er ei bygd med lange og sterke tradisjonar innan kulturområdet. Bygda husar to kulturakademi, har eit rikt og mangfaldig lagsliv i tillegg til aktive og dyktige ildsjeler. Alle desse bidreg til å setja Voss på kartet som kulturbygd. Likevel ser me at eit lokalt kulturløft som skissert i utvalet sine tilrådingar vil styrka den kulturelle grunnmuren hjå oss og bidra til å nå kommunen si målsetjinga om å vera ei *“bygd for sterke opplevingar”*.

/GU/180613